



Ing Taule AS  
Kvassnesvegen 33  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2475 - 19/26556

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
25.09.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 212/108 Eikanger øvre

Tiltak: Førehandskonferanse  
Byggjestad: Gbnr: 212/108  
Tiltakshavar: Ing Taule AS  
Ansvarleg søkjar: Ing Taule AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar førespurnad om førehandskonferanse 03.09.19.

Vi beklager sein attendemelding.

### Planstatus

Eigedomen er regulert, og er i reguleringsplan for Vahaugen/planid.: 1263-24062004 avsett til bustadføremål (einebustad). Eigedomen er på plankartet merka som tomt 6 og ligg i område B4 med grad av utnytting oppgjeve til TU= 40%.

Planen manglar byggegrense mot sjø. Gjeldande kommuneplan har ikkje byggegrense mot sjø for området. Tiltak på eigedomen vil krevje at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8.

Det er i planlagd ny kommuneplan teikna inn byggegrense mot sjø for området. Om denne vert vedteken slik den ligg føre og når den eventuelt vert vedteken kan vi ikkje svare på per no.

Førespurnaden om førehandskonferanse inneheld ikkje nok dokumentasjon til at kommunen kan imøtekomme førespurnaden.

Følgjande dokumentasjon er naudsynt, jf. byggesaksforskrifta § 6-1:

1. Kva ønskjer de avklara gjennom førehandskonferansen, kva planlegg de å føre opp?
2. Teikningar/skisser i høve kva de ønskjer å føre opp på eigedomen.
  - Situasjonsplan
  - Fasadeteikningar

Når etterspurd dokumentasjon er motteken vil vi sette opp tid for førehandskonferanse.



Dersom vi ikkje har motteke etterspurd dokumentasjon innan 09.10.19 vert saka avslutta, de er velkommen til å be om førehandskonferanse ved eit seinare høve.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Ing Taule AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Ing Taule AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ